



## **MØTEPROTOKOLL**

---

**Utval:**       **Personal og økonomiutvalet**  
**Møtedato:** **22.10.2009**  
**Møtetid:**   **15:00 - 18:40**  
**Møtestad:** **Kommunehuset**

---

Av 5 medlemmer møtte 5, inkludert varamedlemmer.

<b>Desse medlemene møtte ikkje:</b>	<b>I staden møtte:</b>
Marion Langhelle Pedersen	Gunnar Bruvik

<b>Andre som var til stades på møtet:</b>
---

Rådmann Ass. Rådmann var med under synfaring på aktuelle tomter for skule, jmf. Høyring om skulebruksplan og handsaming av denne.
--

<b>Merknader:</b>

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 10.11.2009

Desse sakene vart handsama:

## SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
054/09	09/567	Faste saker	
055/09	09/165	Auke i renovasjonsgebyret for 2010	
056/09	09/562	Kommunale avgifter og gebyr 2010	
057/09	09/248	Tilleggsøyving kulturbudsjettet - jmf. jubileumsfeiring Frøland kraftverk	
058/09	09/410	Bjørkheim - tilbod om areal for nytt kommunehus	
059/09	09/291	Søknad om tilleggsøyving, inntak Rolvsdåg vassverk	

Oversikt faste saker
<ul style="list-style-type: none"><li>• Godkjenning av innkalling og sakliste</li><li>• Godkjenning av protokoll frå førre møte</li><li>• Delegerte vedtak/referatsaker</li><li>• Utvalet sitt kvarter</li></ul>

Det var utsendt fylgjande notat frå rådmannen som utvalet var bedt om å drøfta:

- Arbeid med næringsutvikling i Samnanger – vurdering av framtidig engasjement og organisering i lys av drøftingane rundt ProSam a.s.
- Evt. kjøp av Mesta sin eigedom på Frøland

**Saknr. 054/09**  
**FASTE SAKER**

**Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

22.10.2009 Personal og økonomiutvalet  
Handsaming i møtet:

Utvalet drøfta dei to utsendte notata.

- Arbeidet med næringsutvikling. Det vart vist til det som er sagt i kommuneplaenn, her er både hovudmål og delmål som peiker på korleis kommunen ønskjer å arbeida. Rådmannen vert bedt om å sjå nærare på interkommunalt samarbeid, men det vart også ytra skepsis til om det var rette vegen å gå. PØ ynskjer ei avklaring av saka i møte i kommunestyret i desember.
- Rådmannen orienterte om teknisk eining si vurdering av eigedomen til Mesta på Frøland etter at dei har vore på synfaring. PØ meiner at ut frå dei opplysningane som ligg, m.a. om moglegheit for utleige i ein 5-årsperiode, kan det leggjast inn eit bod. Ytterlegare klarering m.a. om midlar til evt. kjøp må fremmast for PØ i november.

**PØ-054/09 Vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

**Saknr. 055/09**  
**AUKE I RENOVASJONGEBYRET FOR 2010**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

*I medhald av lov av 13.03.1981 nr. 6 (Forureiningslova) § 34 blir avfallsgebyr for Samnanger kommune for 2010 fastsett i tilknytning til kommunen sitt budsjettvedtak for 2010. Vedtaket er i samsvar med framlagt forslag frå BIR Privat AS, jf. Forskrift for handtering av hushaldsavfall m.v. § 11.*

*Samnanger kommune vedtar at BIR Privat AS fakturerer og står for innkrevjing av avfallsgebyret på vegne av Samnanger kommune. Avfallsgebyret tilhøyrer Samnanger kommune.*

*Samnanger kommune vedtar å auke renovasjonsgebyret med 4,2 prosent. Alle prisar er eks. mva.*

22.10.2009 Personal og økonomiutvalet

Handsaming i møtet:

Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

**PØ-055/09 Vedtak:**

*I medhald av lov av 13.03.1981 nr. 6 (Forureiningslova) § 34 blir avfallsgebyr for Samnanger kommune for 2010 fastsett i tilknytning til kommunen sitt budsjettvedtak for 2010. Vedtaket er i samsvar med framlagt forslag frå BIR Privat AS, jf. Forskrift for handtering av hushaldsavfall m.v. § 11.*

*Samnanger kommune vedtar at BIR Privat AS fakturerer og står for innkrevjing av avfallsgebyret på vegne av Samnanger kommune. Avfallsgebyret tilhøyrer Samnanger kommune.*

*Samnanger kommune vedtar å auka renovasjonsgebyret med 4,2 prosent. Alle prisar er eks. mva.*

**Saknr. 056/09**

**KOMMUNALE AVGIFTER OG GEBYR 2010**

22.10.2009 Personal og økonomiutvalet

Handsaming i møtet:

Det vart sett fram slikt framlegg:

Kommunale avgifter og gebyr for 2010 for dei tenestene som er omfatta av vedlegg dagsett oktober 2009 vert auka med ca. 3,5 % i høve til i 2009 med unntak av årsavgifta for avlaup som vert uendra og årsavgifta vatn som vert auka med 6 %. Satsane vert avrunda til heile 5 kroner.

**Marit A Aase** fremja framlegg om at vassavgifta skulle aukast med same satsen som dei andre avgiftene.

Framlegget vart vedteke samrøystes med unnatak av pkt. om vassavgifta der ein røysta for framlegget frå Aase.

**PØ-056/09 Vedtak:**

Kommunale avgifter og gebyr for 2010 for dei tenestene som er omfatta av vedlegg dagsett oktober 2009 vert auka med ca. 3,5 % i høve til i 2009 med unntak av årsavgifta for avlaup som vert uendra og årsavgifta vatn som vert auka med 6 %. Satsane vert avrunda til heile 5 kroner.

**Saknr. 057/09**

**TILLEGGSLØYVING KULTURBUJSJETTET - JMF. JUBILEUMSFEIRING FRØLAND KRAFTVERK**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak (fremja i møtet):**

Det vert vist til PØ vedtak sak 39/09.

Det vet føreteke ombudsjettering internt på kulturbudsjettet for å dekkja opp meirutgifter til jubileumsmarkeringa for Frøland kraftverk og til å dekkja kostnaden med tak over paviljongen på Bjørkheim.

Fylgjande justeringar vert gjort:

Konto nr. 1.1500.3850.1400 vert auka med kr 10.000

Konto nr. 0.1500.3355.2300 vert auka med kr 25.000

Konto nr. 1.500.3850.4900 vert redusert med 35.000

22.10.2009 Personal og økonomiutvalet

Handsaming i møtet:

I møtet la rådmannen fram eit endra framlegg til vedtak i høve det som var sendt ut. Dette fordi det er mogleg å omdisponera midlar på kulturbudsjettet.

Nytt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **PØ-057/09 Vedtak:**

Det vert vist til PØ vedtak sak 39/09.

Det vet føreteke ombudsjettering internt på kulturbudsjettet for å dekkja opp meirutgifter til jubileumsmarkeringa for Frøland kraftverk og til å dekkja kostnaden med tak over paviljongen på Bjørkheim.

Fylgjande justeringar vert gjort:

Konto nr. 1.1500.3850.1400 vert auka med kr 10.000

Konto nr. 0.1500.3355.2300 vert auka med kr 25.000

Konto nr. 1.500.3850.4900 vert redusert med 35.000

#### **Saknr. 058/09**

#### **BJØRKHEIM – TILBOD FRÅ SOLVOLL A.S. OM SAMARBEID**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram til drøfting og mogleg vedtak.

22.10.2009 Personal og økonomiutvalet

Handsaming i møtet:

Utvalet slutta seg samrøystes til fylgjande framlegg:

*Samnanger kommune ynskjer å kjøpa tomte som selskapet eig (pkt. b i skrivet frå Solvoll a.s. dagsett 5. okt. 09).*

#### **PØ-058/09 Vedtak:**

*Samnanger kommune ynskjer å kjøpa tomte som selskapet eig (pkt. b i skrivet frå Solvoll a.s. dagsett 5. okt. 09).*

#### **Saknr. 059/09**

#### **SØKNAD OM TILLEGSLØYVING, INNTAK ROLVSVÅG VASSVERK**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Til oppgradering av inntaket ved Rolvsvåg vassverket vert det løyvd kr 90.000,-

Tiltaket vert finansiert med midlar frå investeringsfond vatn.

Oppgraderinga inneber muring av steinbarriere, nedsetting av perforert kum med inspeksjonslok og topp over vass-spegel. Det vert lagt singel rundt og montert sil på inntaksrøyret.  
Inntakspunktet vert plassert slik at mannskap som skal vedlikehalda inntaket arbeider trygt.

22.10.2009 Personal og økonomiutvalet  
Handsaming i møtet:

Utvalet gjekk samrøystes inn for rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**PØ-059/09 Vedtak:**

Til oppgradering av inntaket ved Rolvsvåg vassverket vert det løyvd kr 90.000,-  
Tiltaket vert finansiert med midlar frå investeringsfond vatn.

Oppgraderinga inneber muring av steinbarriere, nedsetting av perforert kum med inspeksjonslok og topp over vass-spegel. Det vert lagt singel rundt og montert sil på inntaksrøyret.  
Inntakspunktet vert plassert slik at mannskap som skal vedlikehalda inntaket arbeider trygt.

